

Kulturhistoriske registreringar

Arna Steinknuseverk

Rapport 15

2015



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innhold

1. Samandrag	3
2. Bakgrunn	3
Arkeologiske periodar	4
Ukalibrert BP.....	4
4. Metode.....	5
5. Området	7
6. Tidlegare registreringar og funn i området.....	9
7. Undersøkinga.....	9
7.2 Nyare tids kulturminne	11
8. Konklusjon	13
Litteratur.....	13

Figurliste:

Figur 1. Strandforskyvingskurve for Arna, Bergen kommune.....	6
Figur 2. Oversikt over planområdet.....	7
Figur 3. Oversikt over planområdet.....	7
Figur 4. Oversikt over planområdet.....	8
Figur 5. Oversikt over prøvestikk og nyere tids kulturminne.....	10
Figur 6. Skyttergrav 1.....	11
Figur 7. Mulig krigsminne.....	11
Figur 8. Skyttergrav 2.....	11
Figur 9. Mulig krigsminne.....	11
Figur 10. Mulig krigsminne.....	11
Figur 11. Oversikt over nyere tids kulturminne	12

1. Samandrag

I samband med oppstart av reguleringsplan for Arna steinknuseverk i Bergen kommune har Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga gjennomført ei arkeologisk registrering i planområdet i perioden 29. mai – 01. juni 2015. Arkeologane som utførte arbeidet var Robert Stormark og Anders Strandheim Wahlborg. I tillegg deltok Rannveig Kristine Søyland som hospitant frå masterstudiet i arkeologi ved UiB. Etterarbeid og rapport er utført av Anders Strandheim Wahlborg.

Det vart grave fire prøvestikk og overflateregistrert i planområdet, utan noko funn av automatisk freda kulturminne. Det vart dokumentert fem nyere tids kulturminne, som truleg er rester av tyske forsvarsverk frå krigen.

2. Bakgrunn

I samband med melding om oppstart av reguleringsplan for Arna steinknuseverk (saksnr. 20120164-5) vart det vurdert som naudsynt med ei arkeologisk registrering for å vurdere eventuell konflikt mellom plan og automatisk freda kulturminne.

3. Kulturminne og kulturmiljø - nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. Kulturminneloven § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. Kulturminneloven § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom Kulturminneloven er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminneloven § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla forminne og nyare tids kulturminne

Arkeologiske periodar			Ukalibrert BP	Kalibrert BC / AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	TM	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommesolitikum	MM	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum	SM	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidlige neolitikum	TN	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A	MNA	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B	MNB	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Senneolitikum	SN	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder	EBA	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder	YBA	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder		2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romartid		2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid		1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid		1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid		1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder			1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder			1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder			1350 – 1537 AD

Fig. Oversikt over dei arkeologiske periodane

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk feda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvalting og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk feda kulturminne, jf. Kulturminneloven § 9.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk feda. Dei kan verte feda etter § 15 i Kulturminneloven eller verte regulerte til vern med heimel i Plan- og bygningsloven. I Sefrak-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 Sefrak-registrert.

4. Metode


Skildring av feltmetodikk, her er det utarbeidd ein standar tekst som skildrar flateavdekkingsmetoden, prøvestikking, overflateregistrering. Ta med avsnitta om den/dei metodane som er nytta i registreringa:

Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflaten, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Prøvestikking er den mest nytta metoden for å påvise kulturminne frå steinbrukande tid, men kan også nyttast til å påvise yngre kulturminne. Ved bruk av denne metoden sonderar ein fyrst med eit jordborr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grep ein så prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm. Den oppgravne massen under torva vert vassålda i såld med 4 millimeter maskevidde. Slik vil funn av reiskap og avslag etter reiskapsproduksjon vere lett å finne.

Ved overflateregistrering vert området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustufter, helleristningar, bergmalingar, steingjerder, geilar, jakt- og fangstanlegg, kolgropar, vegar og vegfar, hellerar, runesteinar jernvinne, steinbrot, bygdeborgar.

Landskapet har endra seg mykje sidan førhistorisk tid; enten ved at tidlegare tidars busetjingsområde har gått ut av bruk og grodd att, ved moderne påverking eller ved landheving. Det er utarbeidd kurver over eldre strandlinjer for Hordaland (Lohne 2006; sjå også Rommundset 2005 og Vasskog 2006). Dette kan vere ein god reiskap til å forstå landskapsendringar over tid. Strandlinekurver er også ein metode ein nyttar for å datere steinalderlokalitetar innanfor ei gjeve ramme. Ei strandlinjekurve for det gjeldane området er vist på figuren under.



Figur 1. Strandforskyvningkurve for Arna, Bergen kommune.

På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området, terrenget og nærliek til sjøen kunne ein venta å finne spor frå jernalder og steinalder i planområdet. Ved registreringa vart det prøvestukke og søkt i overflata etter synlege kulturminne.

5. Området


Planområdet ligg i Ytre Arna i Bergen kommune, og omfatter Liafjellet, Erviknipa og Breisteinslia. Terrenget er kupert og stig bratt opp frå fjorden. På toppen er det relativt flatt med enkelte topper og nokre myrdrag.



Figur 2. Oversikt over planområdet



Figur 3. Oversikt over planområdet




Figur 4. Oversikt over planområdet

6. Tidlegare registreringar og funn i området

Det er ikkje dokumentert nokre automatisk freda kulturminne i umiddelbar nærleik av planområdet, men i området kring Arnavågen og Garnes ligg det ei rekke kulturminner inkludert gravminner frå jernalder og steinalderbuplasser. Det vart vurdert at ein kunne finne eventuelle spor frå steinalder i det området nærmast Sørfjorden nordaust i planområdet.

7. Undersøkinga

Feltarbeidet vart utført av arkeologane Robert Stormark og Anders Strandheim Wahlborg den 29. mai og 01. juni 2015. Det vart grave fire prøvestikk utan nokre funn og overflateregistrert. Ingen automatisk freda kulturminne vart funnen.



Figur 5. Oversikt over prøvestikk og nyere tids kulturminne

7.2 Nyare tids kulturminne


Det vart dokumentert fem kulturminne frå nyare tid. To skyttergraver, to utsprengte nedsenninger med noko oppmuring og ein steinsetting. Dei tre siste vert også tolka som moglege krigsminne.



Figur 6. Skyttergrav 1



Figur 7. Mulig krigsminne




Figur 8. Skyttergrav 2



Figur 9. Mulig krigsminne



Figur 10. Mulig krigsminne



Figur 11. Oversikt over nyere tids kulturminne

8. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa på Arna Steinknuseverk gnr. 306 bnr. m.fl. i Bergen kommune vart gjennomført 29. mai og 1. juni 2015. Det vart ikkje gjort funn som kjem inn under Kulturminneloven § 4. Det vart påvist fem kulturminner frå nyare tid.

Litteratur

- Askeladden.ra.no
- Lohne, Ø. 2006: *SeaCurve_vl – Teoretisk berekning av strandforskyvningskurver i Hordaland frå UTM koordinater (excel-ark)*
- Rommundset, A. 2005: *Strandforskyvning og isavsmelting i midtre Hardanger.* Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyving på sørlige Bømlo.* Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Månad År. Avdeling/seksjon.